

**Fra:** Henry Fanebust <herfaneb@online.no>  
**Sendt:** onsdag 21. juli 2021 23:22  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Stoppe ulovleg arbeid i påvente av synfaring

Hei, eg ber postmottak om å vidaresende til  
byggesaksavd. v/Are Grande

**Gjeld gbnr 99/4, Våge, Alver kommune si sak 21/3088.**

Det var med lettelse å sjå at politikarane beslutta å ta ei synfaring på 99/4 (APM-utvalet 23.6.) Men det er eit stort problem at det tar så lang tid før synfaringa finn stad, fordi Alf Eikevik i mellomtida fortset for fullt med å byte ut innmarka med stein. Med Eikeviks svømmebassengservice A/S sine store maskiner forflyttar og planerer han tusenvis av kubikk med massar. Dette er eit arbeid som ikkje er omsøkt, difor er det også ulovleg. Det er og eit faktum at det idag ikkje er nokon som har ein gyldig konsesjon på 99/4, med dei begrensningane dette gjev i retten til å eige.

For å redusere skadene før synfaringa er det viktig at ulovlegheita vert stoppa. Mitt spørsmål er: Kven i kommunen har eit slikt ansvar og mandat? Eg er takksam for svar.

Eg sender også dette spørsmålet til APM-utvalet v/fung. leiar.

Med vennleg helsing

Elin H. Fanebust